

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Arbeids- og sosialdepartementet
Vedlegg
S.nr. 05/03121

Arkivsak: 05/02019

FORSLAG TIL NY LOV OM ARBEIDS - VELFERDSFORVALTNINGEN

Sakshandsamar:	Svein-Egil Johannessen	Arkiv: F00 &13
Saksnr.:	Utval	Møtedato
0087/05	FORMANNSKAPET	17.10.2005
0104/05	KOMMUNESTYRET	27.10.2005

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Svein-Egil Johannessen	Arkiv: F00 &13
Arkivsaksnr.:	05/02019	

FORSLAG TIL NY LOV OM ARBEIDS - VELFERDSFORVALTNINGEN OG TILPASNINGER I VISSE ANDRE LOVER. HØRING.**ADMINISTRASJONEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Volda kommune seier seg i hovudsak samd i at den nye arbeids – og velferdsetaten får si lovmessige forankring slik departementet legg opp til i høyringsnotatet.

Volda kommune viser til saksframstillinga og ber Arbeids – og sosialdepartementet vurdere våre kommentarar i det vidare arbeidet med framlegget til ny lov.

Samandrag:

Stortinget handsama St. prp.nr. 46 (2004 – 2005) **Ny arbeids – og velferdsforvaltning** (NAV) i møte den 31.05.2005 og ga sin tilslutnad til Regjeringa sitt framlegg, jfr. S. nr. 198 (2004 – 2005).

Hovudmåla for NAV – reforma er:

- ☐ Å få fleire i arbeid og færre på stønad
- ☐ Gjere det enklare for brukarane og tilpasse tenestene betre utifrå brukarane sine behov
- ☐ Få ein heilskapeleg og effektiv arbeids – og velferdsforvaltning

Den nye arbeids – og velferdsforvaltninga skal etablerast med eit NAV – kontor i kvar kommune. Dagens tre – delte forvaltning (Aetat, trygdeetat og den kommunale sosialtenesta) skal samlast i ei felles førstelineteneste. Denne førstelinetenesta skal baserast på eit forpliktande samarbeid mellom stat og kommune gjennom lokale samarbeidsavtalar. Samarbeidsavtalar og samlokalisering skal forankrast i lov. Det statlege ansvaret skal samlast i ein ny statleg etat. Aetat og trygdeetaten skal avviklast. Kommunane skal framleis ha ansvaret for oppgåvene etter lov om sosiale tenester.

For å gjennomføre organsisjonsreforma trengs det lovendringar og tilpasningar til visse lover. Dette er naudsynt for å t.d. etablere og regulere den nye statsetaten, og å syte for eit statleg rammeverk for det lokale samarbeidet mellom stat og kommune. Lovendringar og tilpasningar er også naudsynt av omsyn til personvern, teieplikt, brukarmedverknad, individuell plan, partsstilling og beredskap.

Arbeids – og sosialdepartemenet har difor funne det rett å utforme ein eigen lov om arbeids – og velferdsforvaltninga med nye organisatoriske reglar som kjem i staden for dagens reglar om organisering av folketrygdlova og arbeidsmarkedslova. Departementet syner til at omfanget av organisatoriske reglar er føreslege avgrensa til eit minimum.

Saksopplysningar:

I all hovudsak er Volda kommune samd i lovframlegget frå Arbeids – og sosialdepartementet. Vi vil likevel kommentere nokre delar av framlegget til lov og ber ASD vurdere desse i det vidare arbeidet med lovframlegget.

Volda kommune er samd med departementet om behovet for å forankre denne store organisasjonsreforma i velferdsforvaltninga i eit eige lovverk. Dette er viktig av fleire grunnar. Den viktigaste grunnen er å sikre at reforma vert gjennomført og etablert i tråd med Stortinget sitt vedtak om ei felles førstelineteneste i alle landets kommunar. Ei lokal førstelineteneste som forpliktar stat og kommune om å samarbeide og finne løysingar som settar brukarane sine behov, sikre brukarmedverknad, og lettare tilgjenge til tenestene og auka servicegrad.

Kapittel 1 Formål og verkeområde

I § 2 definerast arbeids – og velferdsforvaltninga. Dette utgjer alle dei oppgåvene Aetat og trygdeetaten utfører i dag, og i tillegg minimum kommunen sitt ansvar for økonomiske sosialhjelp kap.5 etter lov om sosiale tenester. Volda kommune vil seinare i uttalen kommentere sider av minimumsløysinga. Men vi er nøgd med at lova sin § 2 gir opning for at kommunen kan legge andre nærliggande kommunale oppgåver til kontoret etter forhandlingar og avtale med arbeids – og velferdsetaten.

Kapittel 3 Arbeids – og velferdskontor.

Etablering av lokale NAV – kontor skal skje gjennom avtalar framforhandla mellom arbeids – og velferdsetaten og den einskilde kommune. Desse avtalane er så vidt ein kan sjå skissert nokså romslege og tek høgde for lokalisering, organsiering og drift, kva kommunale oppgåver som skal vere med og samhandling sett i forhold til brukarane og kommunen sitt øvrige tenestetilbod. Dette sikrar at NAV – kontora vert etablert og oppbygd med den lokal kunnskap og fagkompetanse som finnast ute i kommunane. Det er særskild viktig at etableringa får ei lokal forankring. Volda kommune er nøgd med at lova legg vekt på kommunal medverknad og deltaking..

Kapittel 5 økonomisk sosialhjelp er omtala som minimumsløysinga. Samstundes er det gitt rom for å avtale andre kommunale tenester lagt til NAV – kontoret. Volda kommune er nøgd med at ein kan "selje inn" tenester utover økonomisk sosialhjelp kap. 5. Ting heng saman og det vil for vår del verte vanskeleg å skilje ut økonomisk sosialhjelp frå dei andre oppgåvene vi utfører. Dette gjeld t.d råd og rettleiingstenester, bustadsosialt arbeid, rus og psykiatri, individuell plan, rehabilitering for å nemne nokre.

Sett i forhold til reforma si vektlegging av samarbeid, samordning og heilskapelege tenester, verkar det noko kunstig at ein i utgangspunktet opererer med ei minimumsløysing.

Volda kommune er av den oppfatning at det å få menneske ut av passivitet og inn i aktivitet og arbeid er eit arbeide av stor kompleksitet. Skal arbeids – og velferdsetaten gjere seg nytte av den sosialfaglege kompetansen som finnast i alle kommunar bør ein vere forsiktige med å avgrense etableringa av lokale NAV – kontor etter minimumsstandardar. Då står ein i fare for at reforma opnar ei dør, men lukkar andre dører. Difor kunne det vore betre at lova først set fokus på heilskapelege tenestetilbod, før ein peikar på minimumsløysinga slik framlegget til lov gjer. Ei slik tilnærming treng ikkje å føre til at NAV – kontoret vert for altomfattande.

Volda kommune registrerer at framlegget til lov seier at om partane lokalt ikkje vert samde så bestemmer departementet. Bakgrunnen for dette er at NAV – reforma skal verte realisert i alle landet sine kommunar. Vi er heilt samde i at reforma skal realiserast som vedteke. Men vi er noko undrande til om det er naudsynt med så sterk lut frå staten si side. Vi snakkar om jamnbyrdige partar som møtast til forhandlingar om gode løysingar. Då bør det i første omgang finnast muligheiter til alternative mekanismar som løysar konflikter før staten grip inn.

Helse- og miljømessige konsekvensar av saka:

Fleire i arbeid og færre på stønad, brukaren sine behov i fokus og nærleik til heilskapelege tenester bør til saman gi positive helse – og miljømessige verknadar sett både i eit samfunns – og individperspektiv.

Økonomiske konsekvensar av saka:

Etablering av ny arbeids – og velferdsforvaltning er ein stor organisasjonsreform som vil ha konsekvensar av økonomisk og administrativ karakter. Volda kommune viser til at stortingsproposisjonen gjer eit skilje mellom samfunnsøkonomiske verknadar, muligheiter for administrative effektiviseringsgevinstar og gjennomførings - /omstillingskostnader.

Dei samfunnsøkonomiske gevinstane kan verte positive om ein klarer å realisere dei måla som ligg til grunn for reforma. Den største utfordringa ligg i kor godt NAV – kontora klarer å samarbeide i lag med brukaren om gode løysingar som gjer at vedkomande får eit aktivt liv i inntektsskapende aktivitet.

Administrative effektiviseringsgevinstar kan truleg vere eit resultat på noko sikt. Her er truleg effektiviseringspotensialet større på statleg side. Dei kommunale sosialtenestene er truleg ikkje overadministrerte i dag. Gjennom t.d betre samordning av tenestetilbodet og oppgåvefordeling kan det truleg på sikt vere eit effektiviseringspotensiale også i kommunane. Men Volda kommune ser for sin eigen del ikkje føre seg administrative effektiviseringsgevinstar av noko omfang på grunn av organisasjonsreforma.

Det er sett av nærare 3 mrd. kr. til gjennomføring av reforma og etablering og oppbygging av lokale NAV – kontor. Her dreier det seg også om kostnadar til funksjonelle IKT – løysingar, opplæring, kompetansebygging, m. m. ut over ein periode på 3 – 5 år. Volda kommune legg merke til at departementet syner til at dei økonomiske anslaga er usikre og at Regjeringa vil kome med framlegg om løyvingar til gjennomføringa gjennom dei årlege budsjettproposisjonane.

Etter Volda kommune si oppfatning kan ikkje måla for denne store og gjennomgripande reforma i norsk velferdsforvaltning innfriast utan naudsynte årlege løyvingar. Vi legg samstundes til at dei årlege budsjettløyvingane til gjennomføring, etablering og oppbygging også må kome kommunane til del i eit omfang som gjer kommunane i stand til å utføre sine oppgåver i dei lokale NAV – kontora.

Volda kommune er nøgd med at staten seier den skal dekke kommunen sine evnt flyttekostnadar for å oppnå kravet til samlokalisering, jfr. minimumsløysinga. Minimumsløysinga er ikkje -sett frå nokon ståstad - nokon optimal løysing. Vi meiner at staten bør ha som tilleggsambisjon å dekke utgifter i dei tilfelle der partane vert samde om gode lokale løysingar utover minimumsløysinga.

Konklusjon:

Adm. sjefen seier seg i hovudsak samd i at den nye arbeids – og velferdsforvaltninga får si lovmessige forankring slik departementet legg opp til i høyringsnotatet. Adm.sjefen viser til saksframstillinga og ber ASD vurdere våre kommentarar i det vidare arbeidet med lovframlegget.

Vedlegg:


1. Forslag til ny lov om arbeids – og velferdsforvaltningen og tilpasninger i visse andre lover. Høring.

Uprenta vedlegg:

Høringsnotat (96 s.). Forslag til ny lov om arbeids – og velferdsforvaltningen og tilpasninger i visse andre lover.

Link til høyringsnotatet:

Sjå www.odin.dep.no/asd/norsk/sats



Jarle B. Krumsvik
Adm.sjef

Utskrift til:

Klageinstans:

Saksprotokoll

Utval:	FORMANNSKAPET
Møtedato:	17.10.2005
Sak:	0087/05

Arkivsak: 05/02019
Tittel: FORSLAG TIL NY LOV OM ARBEIDS -
VELFERDSFORVALTNINGENHØRING

Tilråding til kommunestyret:

Volda kommune seier seg i hovudsak samd i at den nye arbeids – og velferdsetaten får si lovmessige forankring slik departementet legg opp til i høyringsnotatet.

Volda kommune viser til saksframstillinga og ber Arbeids – og sosialdepartementet vurdere våre kommentarar i det vidare arbeidet med framlegget til ny lov.

Behandling:

Røysting:
Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Saksprotokoll

Utval: KOMMUNESTYRET
Møtedato: 27.10.2005
Sak: 0104/05

Arkivsak: 05/02019
Tittel: FORSLAG TIL NY LOV OM ARBEIDS -
 VELFERDSFORVALTNINGENHØRING

Vedtak:

Volda kommune seier seg i hovudsak samd i at den nye arbeids – og velferdsetaten får si lovmessige forankring slik departementet legg opp til i høyringsnotatet.

Volda kommune viser til saksframstillinga og ber Arbeids – og sosialdepartementet vurdere våre kommentarar i det vidare arbeidet med framlegget til ny lov.

Volda kommune vil i tillegg peike på to grupper som verken har sosialhjelp eller ytingar frå A-etat/Trygdekontor og som difor har lett for å verte verande fattige og "usynlege".

- *Unge som har fallt ut av vidaregåande skule, som ikkje mottek sosialhjelp, og som burde vore fanga opp i eit tverretatleg samarbeid mellom skule, aetat og sosialteneste.*
- *Gifte arbeidslause kvinner (særleg innvandarkvinner) som har mann med inntekt og som difor ikkje har krav på sosialhjelp.*

Volda kommune gjer difor framlegg om at høvet til overføring av ansvaret for tilbodet om arbeidsmarknadstiltak ikkje vert avgrensa til dei med krav på økonomisk stønad i kommunen. Dette kan eventuelt løysast ved vidare forsøksverksemd.

Behandling:

AP v/Jan Henning Egset kom med fylgjande tilleggsframlegg:

Volda kommune føreset at det vert etablert eit fullverdig NAV-kontor i kommunen.

SV v/Åshild Vik kom med fylgjande tilleggsframlegg:

Volda kommune vil i tillegg peike på to grupper som verken har sosialhjelp eller ytingar frå A-etat/Trygdekontor og som difor har lett for å verte verande fattige og "usynlege".

- *Unge som har fallt ut av vidaregåande skule, som ikkje mottek sosialhjelp, og som burde vore fanga opp i eit tverretatleg samarbeid mellom skule, aetat og sosialteneste.*
- *Gifte arbeidslause kvinner (særleg innvandarkvinner) som har mann med inntekt og som difor ikkje har krav på sosialhjelp.*

Volda kommune gjer difor framlegg om at høvet til overføring av ansvaret for tilbodet om arbeidsmarknadstiltak ikkje vert avgrensa til dei med krav på økonomisk stønad i kommunen. Dette kan eventuelt løysast ved vidare forsøksverksemd.

Røysting:

Prøverøysting.

Formannskapet si tilråding fekk 27 røyster.

AP v/Egset sitt framlegg fekk 10 røyster. 17 røysta mot.

SV v/Vik sitt framlegg fekk 21 røyster. 6 røysta mot.

AP v/Jan Henning Egset trekte sitt framlegg.

Endeleg røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

SV v/Vik fekk 17 røyster og vart vedteke. 10 røysta mot.



**DET KONGELIGE
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT**

Adressater iht. vedlagte liste

Deres ref

Vår ref
200503121

Dato
08.08.2005

Forslag til ny lov om arbeids- og velferdsforvaltningen og tilpasninger i visse andre lover. Høring

Regjeringen la i St.prp. nr. 46 (2004-2005) *Ny arbeids- og velferdsforvaltning* fram forslag om en ny organisering av arbeids- og velferdsforvaltningen. Stortinget behandlet proposisjonen 31. mai 2005 og ga sin tilslutning til Regjeringens forslag, jf. Innst. S. nr. 198 (2004-2005). Vedlagt følger forslag til lovgrunnlag for en ny arbeids- og velferdsforvaltning.

Hovedmål for reformen er:

- Å få flere i arbeid og færre på stønad
- Forenkle for brukerne og tilpasse til brukernes behov
- Få en helhetlig og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning

I den nye arbeids- og velferdsforvaltningen skal det etableres en førstelinjetjeneste med et arbeids- og velferds kontor i hver kommune som er brukernes kontaktsted for hele tjenestespekteret i dagens tredelte forvaltning. Førstelinjetjenesten skal baseres på et forpliktende samarbeid mellom stat og kommune nedfelt i lokale samarbeidsavtaler. Samarbeidsavtaler og samlokalisering skal ha en lovmessig forankring. Det statlige ansvaret skal samles i en ny statlig etat for arbeid og velferd. Aetat og trygdetaten avvikles. Kommunene beholder sitt ansvar for oppgaver etter lov om sosiale tjenester.

Arbeids- og sosialdepartementet legger i dette høringsnotatet fram forslag til de lovendringer som er nødvendige for å gjennomføre organisasjonsreformen. Lovendring er nødvendig for å etablere og regulere den nye statsetaten og for å gi et rettslig rammeverk for det lokale samarbeidet mellom statsetaten og kommunene,

Postadresse
Postboks 8019 Dep
0030 Oslo

Kontoradresse
Grubbegaten 6

Telefon
22 24 90 90
Org no.
983 887 457

Samordningsprosjektet
www.nav.dep.no
Telefaks
22 24 93 92

Saksbehandler
Lars Wilhelmsen
22 24 87 18

inklusive å legge bedre til rette for effektivt samarbeid og ivaretagelse av personvern og taushetsplikt.

Departementet har funnet det mest hensiktsmessig å utforme bestemmelsene i en egen lov om arbeids- og velferdsforvaltningen med organisatoriske regler for den nye statlige etaten til erstatning for bestemmelsene om organisering i folketrygdloven og arbeidsmarkedsloven. Det foreslås videre at bestemmelsene om en felles førstelinjetjeneste forankres i loven. I tråd med omtalen i St.prp. nr. 46 (2004-2005) er omfanget av organisatoriske bestemmelser er begrenset til et minimum.


Departementet foreslår videre at regelverket om taushetsplikt og opplysningsplikt som skal gjelde for den ny arbeids- og velferdsforvaltningen, brukermedvirkning, individuell plan og behovsvurdering, partsstilling og beredskapsbestemmelser samles i loven.

Høringsfrist:

Merknader til høringsforslaget må være oversendt Arbeids- og sosialdepartementet senest **mandag 14. november 2005**. Vi ber om at høringsinstansene forelegger høringsforslaget for underliggende etater/organer i den grad det er behov for det. Høringsuttalelser bes også sendt på e-post til elh@asd.dep.no.

Med hilsen


Lars Wilhelmsen (e.f.)
prosjektdirektør


Elin Høifoss
konsulent

Vedlegg